

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.2.19

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/19. Søknad frå Aurland sau og geit om tilskot til skotpremieordning for raudrev

Saksopplysning/vurdering

Aurland Sau og Geit søker fjellstyret om eit tilskot som skal vera med og dekkja noko av laget sine kostnader med utbetaling av skotpremie for raudrev i 2017 og -18. Laget betalar ut kr 300 per felt rev. Dette kjem i tillegg til skotpremien som kommunen betalar – kr 500.

Det vert søkt om at fjellstyret dekkjer kr 100 for kvar rev det er utbetalt skotpremie for, 83 stk. Dette utgjør til saman kr 8.300. Fjellstyret har ein gong før (i 2016) gjeve Aurland Sau og Geit eit tilskot til det same føremålet. Tilskotet var då på kr 6.700.

Nokre av dei interessene fjellstyret skal vareta – beite- og jaktinteressene – har nytte av at raudrevbestanden vert halden i sjakk. Fjellstyret har, ut frå § 11 i Fjellova, høve til å gje tilskot til allmennyttige føremål. Det gjeld visse retningsliner for dette, m.a. at viss slike tilskot eit år utgjør meir enn 5 % av fjellstyret sin omsetnad, må Statskog søkjast om godkjenning. Dette vert lite relevant her, pga storleiken på summane. I budsjettet sitt for 2019 har fjellstyret sett av kr 8.000 til «Tilskot til allmennyttige føremål.»

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev Aurland Sau og Geit eit tilskot på kr 8.300 som for å dekkja noko av utgiftene laget har hatt i samband med skotpremieordninga for raudrev for 2017-2018.

Fjellstyrekontoret, den 6.2.19

Harald Skjerdal

Aurland Fjellstyre

Aurland 18.01.2019

Skotpremie raudrev

Aurland Sau og Geit og Aurland kommune har vore i lag om ein skotpremie på raudrev i nokre år. Dette med grunnlag for å auke motivasjon for revejakt, og for å redusere revebestanden. Dette har virka, jaktinnterssa har auka og det har i 2017 vorte skote 23 og i 2018 skote 60 revar fordelt rundt heile kommunen.

Aurland kommune betalar kr. 500,- og Aurland Sau og Geit betalar kr. 300,-. Aurland Sau og Geit har ikkje økonomi til å halda fram med dette.

Me vil med dette søkje Aurland Fjellstyre om eit tilskot på kr. 100,- pr. skoten rev.

Dette er ei bra ordning for jaktinnteressa, lammetap, småviltjakt og utfordringane med skabb på hundane.

Me håpar de vert med å støttar denne ordninga,

Og dekkar kr. 100,- pr. skoten rev.

83 stk. skoten rev i 2017/18, totalt kr. 8300.-

Til kontonr. 3745 20 00904

Mvh.

Sigurd Vikesland

(sign.)